



Meteorologisk
institutt

No. 22/2018
ISSN 1894-759X
METEOROLOGI
Tromsø, 30.08.2018

METinfo

Hendingsrapport

Farevarsel om svært kraftige vindkast, oransje nivå, for Helgeland og Salten 11. august

2018

Magnus Haukeland

Innhold

Samandrag	1
Rapport	3
Kort beskrivelse	3
Lang Beskrivelse	3
Varsel	4
Gult nivå	4
Oransje nivå	5
Vindobservasjonar frå det aktuelle området	6
Sjeldenhet	7
Konsekvenser/Skader/Mediaklipp	7
Oppsummering/Konklusjon	7

Samandrag

Torsdag 9. august vart det sendt ut melding om auka overvåking av eit lågtrykk som var venta å bevege seg nordover mot Nordland laurdag 11. august. Lågtrykket var venta å gje sterke vindkast på Helgeland, Saltfjellet og i Salten, og det vart sendt ut gult farevarsel på grunn av dette. Fredag 10. august vart farevarselet oppjustert til oransje nivå. Seint laurdag kveld vart overvåkinga avslutta då det var klart at lågtrykket ikkje ville gje ekstreme verforhald.

1. Rapport


1.1. Kort beskrivelse

Eit lågtrykk var forventa å bevege seg nordover mot Nordland laurdag 11. august. Det vart oppretta auka overvåking av situasjonen og sendt ut oransje farevarsel på sterke vindkast. Det var venta middelvind opp i liten storm og vindkast opp i 25-30 m/s, og over 30 m/s i innlandet. Det oransje farevarselet gjekk ut ved midnatt natt til søndag.

1.2. Lang Beskrivelse

Torsdag morgon indikerte prognosane at eit lågtrykk ville bevege seg nordover over Nordland og forårsake kraftig vind og sterke vindkast frå laurdag morgon til seint laurdag kveld. Det samme lågtrykket hadde gjeve store problem i Sør-Noreg og i Skagerrak på grunn av kraftig vind og sterke vindkast. Det vart sendt ut gult farevarsel på sterk kuling med lokalt kraftige vindkast på 25-30 m/s for Helgeland, Saltfjellet og Salten. Det vart også beslutta å halde situasjonen under auka overvåking.

Fredag formiddag hadde MEPS-prognosane endå sterkare vind, opp i liten storm i middelvind med vindkast på 25-30 m/s, og over 30 m/s i innlandet. På grunnlag av dette vart farevarselet oppjustert til oransje nivå. Utviklinga av vørsituasjonen vart haldt under overvåking gjennom laurdagen, og deretter vart auka overvåkinga avslutta.



Figur 1: Bakkeanalyse 2018-08-11-12 UTC

1.3. Varsel

Varsel utstedt	Aktsomhetsnivå
Torsdag	Helgeland, Saltfjellet og Salten
Fredag	Helgeland, Saltfjellet og Salten

1.3.1. Gult nivå


Farevarsel 1, sendt torsdag 9. august, kl. 13.00

Kraftig vind, Helgeland, Saltfjellet og Salten:

Fra lørdag morgen ventes vestlig sterk kuling med lokalt kraftige vindkast 25-30 m/s. Minkende vind lørdag kveld og natt til søndag.

Konsekvenser: Løse gjenstander som trampoliner og hagemøbler kan blåse avgårde.

Anbefaling: Vær forsiktig når du ferdes utendørs.



1.3.2. Oransje nivå


Farevarsel 2, sendt fredag 10. august, kl. 09.36

Svært kraftig vind, Helgeland, Saltfjellet og Salten:

Fra lørdag morgen ventes vestlig opptil liten storm med lokalt kraftige vindkast 25-30 m/s, i innlandet vindkast over 30 m/s. Minkende vind lørdag kveld og natt til søndag.

Konsekvenser: Gjenstander med store vindfang kan blåse over ende. Broer kan stenges, og det er fare for skade på bygninger og infrastruktur. Sterk vind kan føre til kansellerte avganger med båt, fly og annen transport.

Anbefaling: Fest alle løse gjenstander.



Melding til beredskapsbrukere:

Det er sendt ut et nytt farevarsel med oransje aktsomhetsnivå fra Meteorologisk institutt, om kraftige vindkast på Helgeland og Salten lørdag. Farevarselet er tilgjengelig på yr og i farevarselstrømmen

1.4. Vindobservasjoner fra det aktuelle området

Stasjonsnavn	Sterkste vindkast (m/s)
<i>Sømna - Kvaløyfjellet</i>	41.4
Brønnøysund lufthavn	19.9
Vega - Vallsjø	20.8
Tjøtta	14.5
Sandnessjøen lufthavn - Stokka	17.9
Mosjøen lufthavn	14.0
Laksfors	14.6
Majavatn V	16.0
<i>Kappfjellet</i>	31.4

Seljelia	16.7
Varntresk	16.4
Skamdal	21.3
Mo I Rana lufthavn	18.1
Storforshei	19.5
Hjartåsen	19.9
Myken	25.7
Solvær	26.0

1.5. Sjeldenhet

Hendinga er ikkje sjelden, og tilsvarende vindstyrker opptrer fleire gongar årleg.

1.6. Konsekvenser/Skader/Mediaklipp

Konsekvensane vart mindre enn forventet. Det vart ikkje rapportert nokre store skadar.

1.7. Oppsummering/Konklusjon

Eit lågtrykk over Nordland laurdag 11. august førte til sterke vindkast på Helgeland, Saltfjellet og i Salten. Det var på førehand venta middelvind opp i liten storm og vindkast opp i 25-30 m/s, og over 30 m/s i innlandet. Det vart observert kraftige vindkast, men ikkje like kraftige som varsla i låglandet. Det vart ikkje rapportert om alvorlege konsekvensar, og ein kan konkludere med at det hadde vore nok å sende ut varsel på gult nivå.